



Høring: Alternativ til faste skulekrinsar i Time kommune

I behandlinga av Skulebruksplan 2024-2032, gjorde Time kommunestyre følgende vedtak om faste kringsgrenser:

“Det blir innført faste kringsgrenser med verknad frå august 2025, der det i tråd med lovkravet unntaksvis vil vera mogleg å søka skulebytte. Sak om fastsetjing av desse blir fremja for kommunestyret hausten 2024.”

Alternativ til faste kringsgrenser blir sendt til følgende høyringsinstansar: SU i barnehage og skule, elevråda, FAU, ungdomsråd, Utdanningsforbundet og Fagforbundet, med høyringsfrist **08.12.24**. Høyringa blir òg gjort tilgjengeleg på Time kommune si heimeside, med lenke til innsending av høyringssvar. Sak om faste kringsgrenser skal til endeleg vedtak i Time kommunestyre 19.02.25. I saksframlegget blir ordlyd for faste kringsgrenser endra og omtala som faste skulekrinsar .

Grunna krav i forskrift om kor lenge ei sak skal vera på høyring, vart saka skyvd og fremja i første møterekke i 2025. Skulekrinsar er ei lokal forskrift og vil bli kunngjort i Norsk Lovtidend (Lovdata). [Forvaltningslova §37](#) kap VII om forskrifter set krav til utgreiing, forhandsvarsling og uttale frå interesserte.

Høyringsfrist er 08.12.24. Innspel kan gjerast ved å nytta skjemaet: [Høyring av forskrift om lokale skulekrinsar](#). Alle høyringssvar som kjem inn blir lagt ved saka.

Følgande føringar er lagt til grunn for val av alternativ:

- Skulekrinsane skal følga grunnkretsane*
- Skulekrinsane skal legga særleg vekt på kva skule som ligg nærast heimen jf. opplæringslova [§2-6](#).
- Endringane skal ikkje ha store økonomiske konsekvensar for skyss og trygg skuleveg. jf. opplæringslova [§4-1](#).
- Endringane skal gje ein jamnare kapasitet på grunnskulane i Time, primært i Bryne sentrum som har størst utbygging i kommunen, med mål om å best utnytta noverande bygningsmasse jf. [Skulebruksplan 2024-2032](#) og oppdaterte framskrivingar av elevtal pr. oktober 2024.

Framskrivningane blir gjort med verktøyet [KOMPAS](#) (Kommunenenes plan- og analysesystem) som framskriv folkemengd og boligmengd med utgangspunkt i detaljert statistikk og lokale planføresetnader. Dei lokale planføresetnadane som var lagt inn i statistikken for Skulebruksplan 2024- 2032 er endra. På Lyefjell, Kvernaland og Bryne er det store utbyggingsområde, men når desse områda blir utbygde er avhengig av etterspurnad etter bustadar framover. Den nye framskrivinga reduserer folkeveksten på Kvernaland, medan folkeveksten i Lyefjell blir oppjustert. Grunnlaget til dette er oppdaterte tal i bustadbyggeprogrammet og ny informasjon frå utbyggerane. Det er forventa lågare folkevekst i Time kommune og dette medfører nedjustering i elevtal. Når ein samanliknar framskrivingane for dei ulike alternativa, kan det vera små avvik på elevtal. Dette skuldast matematiske berekningar i verktøyet.

Det er ikkje kapasitetsutfordringar på skulane tilhøyrande Frøyland, Lye og Undheim, og dette medfører at det ikkje er behov for å gjera endringar i skulekrinsane som gjeld for desse skulane. Alternativa til nye skulekrinsar for barneskulane er avgrensa til Bryne, Rosseland og Hognestad

skule. Alternativet til nye skulekrinsar for ungdomsskulane er avgrensa til Bryne ungdomsskule og Vardheia ungdomsskule. I saksframlegget blir det presentert ulike alternativ og forslag til vedtak for barneskulane og ungdomsskulane kvar for seg.

Forklaring på omgrepet grunnkrets*

Ein grunnkrets er ei fast inndeling av kommunane i mindre einingar.

Det er Kartverket som forvaltar grunnkretsgrensene på vegne av SSB. Formålet med inndelinga i små, stabile og geografiske einingar, er å gje eit fleksibelt grunnlag for kommunal analyse som rapportering av statistikk for t.d. Statistisk sentralbyrå. Grunnkretsane skal vera stabile over ein rimeleg tidsperiode og skal bestå av eit geografisk samanhengande område. Eit anna hovudkriterium er at grunnkretsane bør vera mest mogleg einsarta kva gjeld natur og næringsgrunnlag, kommunikasjonsforhold og bygningsmessig struktur. [Kjelde: SSB](#) Grunnkretsane ligg inne i Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS), som blir nytta mellom anna til uthenting av prognosar av elevtal. Ei endring i grunnkrets krev eit kommunalt vedtak og søknad til Statistisk sentralbyrå.

Vedlagt høyringsbrevet er kart over alle grunnkretsane i Time kommune. (kart 1)

Innspel frå sak om Skulebruksplan 2024- 2032, KS- 031/24

I vurderinga av saka om nye faste skulekrinsar, er det sett på høyringsinnspela som kom inn i sak om Skulebruksplan 2024- 2032 knytt til skulestruktur.

Følgande punkt oppsummerer innspela:

- FAU Hognestad skule og SU Hognestad skule ønska å utvida Hognestad skulekrins, og inkludera området Stemmen og området sør for Brøytvegen.
- Utdanningsforbundet ved Bryne skule uttrykte at dei var bekymra for kapasiteten på skulen. Bryne skule har ein kapasitet på 490 elevar utan å nytta brakkene. Prognosane for perioden til 2032 viser at elevtalet vil auka framover, og ligga rett i overkant av 490 elevar ut perioden.
- Utdanningsforbundet ved Rosseland skule ønska å ta med heile grunnkrets 202 Norheim i Vardheia skulekrins, som meinte at tiltaket ville gje meir jamt fordelte grupper, og større sannsyn for at elevane kom med nokon dei kjente. Forbundet opplever at det har vore sårbart for elevane som soknar til Vardheia. Vidare stilte dei spørsmål til kapasiteten på skulen som var sett til 693 inkludert D- bygget og 525 i hovudbygget. Dei ønska ei avklaring på om målet var at skulen skulle tilbake til hovudbygget innan få år, eller om D- bygget skulle vera permanent. Forbundet meinte òg at ein måtte sjå på om elevtalet 525 var reelt for hovudbygget då skulen var bygd som ein baseskule.
- SU ved Rosseland skule uttrykka eit ønske om å få alle elevane ved skulen til hovudbygget, då elevtalet ved skulen går ned framover.
- Utdanningsforbundet i Time påpeika i sitt høyringssvar at det er få elevar å Rosseland som bur innafor grensa som soknar til Vardheia ungdomsskule, og anbefalte at heile Norheim 202 skulle sokna til Vardheia. Vidare meinte UDF Time at med gjeldande skulestruktur ville både Bryne skule og Rosseland skule måtte bruke midlertidige bygg, noko som ikkje er til det beste for elevane. Det blei vist til at Rosseland skule ikkje har ein reell kapasitet i hovudbygget på 525 elevar då skulen er bygd som baseskule.

Alternative faste skulekrinsar

Ut frå føringane som blir lagt til grunn, ønsker me innspel på følgande 3 alternativ for barneskulane:

1. Uendra skulekrinsar for Bryne skule, Rosseland skule og Hognestad skule
2. Stemmen grunnkrets til Hognestad skule
3. Stemmen grunnkrets til Rosseland skule

Felles for alternativ 2 og 3 er ei endring i grunnkrets Stemmen. Sjå vedlagt kart 2. Endringa er gjort for å få med nytt byggefelt i Olavegen som i dag ligg i grunnkrets Ree- Håland, grøn markering på kartet. Det er ikkje vurdert å ta med området sør for Brøytvegen, då området er regulert til industri. Ei slik endring av grunnkretsen ville ikkje medført ei endring i elevtal. SSB har opplyst at ønska endring av grunnkrets kan godkjennast.

Ut frå føringane som blir lagt til grunn, ønsker me innspel på følgande alternativ for ungdomsskulane:

4. Heile Norheim grunnkrets til Vardheia ungdomsskule

Alternativ 1: Uendra skulekrinsar for Bryne skule, Rosseland skule og Hognestad skule

Oppdatert elevtalsutvikling for Bryne skule, Rosseland skule og Hognestad skule viser at det er kapasitet på alle skulane om dagens rettleiande skulekrinsar blir gjort faste.

Bryne skule har ein kapasitet på 490 elevar. Framskrivinga viser at skulen har kapasitet i perioden 2025- 2032.

Rosseland skule har med D- bygget ein kapasitet på 693 elevar, 525 i hovudbygget. Skulen er bygd som ein baseskule med 75 elevar fordelt på trinn. Dersom talet på dei ulike trinna går over 75 skapar det utfordringar knytt til rom. Framskrivinga viser at veksten går ned fram mot 2032. I skuleåret 2029- 2030 vil vera plass til alle elevane med dagens skulekrinsar i hovudbygget på Rosseland skule, då ingen trinn vil vera over 75 elevar.

Hognestad skule har kapasitet til 100 elevar. Framskrivinga ut frå dagens skulekrinsar viser at elevtalsutviklinga vil gå frå 65 elevar til underkant av 50 fram mot 2032.

Alternativ 1 vil vera innafor alle kulepunkta som ligg som førande i saka.

Alternativ 1, sjå vedlagt kart 3.

Elevtalsutvikling alternativ 1, Uendra skulekrinsar for Bryne skule, Rosseland skule og Hognestad skule

Bryne skule

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	476	460	463	462	468	473	480	487
Elevar	463	448	450	450	455	460	466	473
Kapasitet	490	490	490	490	490	490	490	490
Ledig kapasitet	● 27	● 42	● 40	● 40	● 35	● 30	● 24	● 17

Rosseland skule

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	520	512	487	494	476	469	468	466
Elevar	511	503	479	485	467	461	460	458
Kapasitet	525	525	525	525	525	525	525	525
Kapasitet med bygg D	693	693	693	693	693	693	693	693
Ledig kapasitet hovudbygg	● 14	● 22	● 46	● 40	● 58	● 64	● 65	● 67
Ledig kapasitet med bygg D	● 182	● 190	● 214	● 208	● 226	● 232	● 233	● 235

Hognestad skule

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	65	54	56	51	52	50	48	48
Elevar	65	54	56	51	52	50	48	48
Kapasitet	100	100	100	100	100	100	100	100
Ledig kapasitet	● 35	● 46	● 44	● 49	● 48	● 50	● 52	● 52

Alternativ 2: Stemmen grunnkrets til Hognestad skule

Stemmen og Ree- Håland høyrer i dag til Bryne skule. Endra skulekrets for Stemmen til Hognestad skule medfører færre elevar til Bryne skule og får ingen konsekvens for Rosseland skule.

Avstanden for elevane til Bryne skule er i dag mellom 1,4 til 2,1 km, og ligg nærare heimen enn Hognestad skule. Endringa vil medføra noko lengre skuleveg, og elevane vil ikkje gå på den skulen som ligg nærast geografisk. Det er ikkje skyssutgifter knytt til elevane frå Stemmen som i dag går på Bryne skule. Med alternativ 1 vil elevar frå Stemmen som skal gå på 1. trinn, ha rett til skyss då lengste avstand til Hognestad skule er 3,2 km. Dette medfører auka skyssutgifter for kommunen. For elevar på 2.- 7. trinn vil det ikkje vera rett til skyss då skulevegen er kortare enn 4 km, og vegen er kategorisert som trygg. Bryne skule har i følge framskrivingane kapasitet til å ta i mot elevane frå Stemmen. Framskrivningane for Hognestad skule viser nedgang fram mot 2032, og skulen har kapasitet til å ta i mot elevane på Stemmen.

Alternativ 2 vil vera innafor kulepunkt 1 for føringane som er lagt, sidan SSB har godkjent ei endring av grunnkretsen. Vidare vil det vera avvik frå kulepunkt 2 og 3 som omhandlar avstand og kostnader til skyss. Føringa i kulepunkt 4 omhandlar å sikra ein jamnare kapasitet, primært på skulane i sentrum. Bryne skule har kapasitet, men eit tiltak for å sikra elevtalsvekst på Hognestad skule medfører at alternativ 2 blir lagt fram.

Alternativ 2, sjå vedlagt kart 4.

Elevtalsutvikling alternativ 2, Stemmen til Hognestad skule

Bryne skule

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	440	423	419	419	422	429	434	440
Elevar	428	412	408	408	411	417	422	428
Kapasitet	490	490	490	490	490	490	490	490
Ledig kapasitet	● 62	● 78	● 82	● 82	● 79	● 73	● 68	● 62

Hognestad skule

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	99	89	98	91	95	92	92	92
Elevar	99	89	98	91	95	92	92	92
Kapasitet	100	100	100	100	100	100	100	100
Ledig kapasitet	● 1	● 11	● 2	● 9	● 5	● 8	● 8	● 8

Alternativ 3: Stemmen til Rosseland skule

Grunnkretsane Stemmen og Ree- Håland høyrer i dag til Bryne skule. Endra skulekrets for Stemmen til Rosseland skule medfører færre elevar til Bryne skule, og får ingen konsekvens for Hognestad skule.

Avstanden for elevane til Bryne skule er i dag mellom 1,4 til 2,1 km. Avstanden til Rosseland skule er mellom 0,9 til 2 km. Endringa vil medføra noko kortare skuleveg, og elevane vil gå på den skulen som ligg nærast geografisk. Det vil ikkje utløysa auke i skyssutgifter om elevane frå Stemmen skal sokna til Rosseland skule. Bryne skule har i følgje framskrivingane kapasitet til å ta i mot elevane frå Stemmen. Rosseland skule er bygd som ein baseskule for 75 elevar pr trinn. Dette medfører kapasitetsutfordringar når enkelte trinn har fleire elevar. Framskrivningane for Rosseland skule viser nedgang fram mot 2032, og frå skuleåret 2029- 2030 vil skulen med dagens rettleiande skulekrinsar ha kapasitet i hovudbygget då elevtalet vil vera under 75 elevar pr. trinn.

Endra kringsgrense for Stemmen vil medføra ei auke på Rosseland skule med 34 elevar i 2025 og fram mot 2032 vil elevtalet vera om lag 50. Dersom elevtalet med dette går over 75 elevar på enkelte trinn, vil det medføra utfordringar knytt til kapasitet. Samtidig vil det totale elevtalet medføra at alle elevane kan gå i hovudbygget i frå skuleåret 2029 dersom det blir gjennomført mindre ombyggingar for å romma fleire elevar i enkelte basar. Elevtalsveksten medfører at D-bygget må brukast fram til skuleåret 2029-2030.

Alternativ 3 vil vera innafor alle kulepunkta som ligg som førande i saka.

Alternativ 3, sjå vedlagt kart 5.

Elevtalsutvikling alternativ 3, Stemmen til Rosseland skule

Bryne skule

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	440	423	419	419	422	429	434	440
Elevar	428	412	408	408	411	417	422	428
Kapasitet	490	490	490	490	490	490	490	490
Ledig kapasitet	● 62	● 78	● 82	● 82	● 79	● 73	● 68	● 62

Rosseland skule

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	556	550	532	539	523	515	516	514
Elevar	546	540	522	529	514	506	507	505
Kapasitet	525	525	525	525	525	525	525	525
Kapasitet med bygg D	693	693	693	693	693	693	693	693
Ledig kapasitet hovudbygg	● (21)	● (15)	● 3	● (4)	● 11	● 19	● 18	● 20
Ledig kapasitet med bygg D	● 147	● 153	● 171	● 164	● 179	● 187	● 186	● 188

Alternativ 4: Heile Norheim grunnkrets til Vardheia ungdomsskule

I administrasjonen sine forslag til inntaksgrenser i samband med skulebruksplan 2020- 2028, skulle elevane som bur i Norheim 202 høyra til Vardheia ungdomsskule. Etter høyringsinnspel vart dette endra, noko som medfører at elevane som bur i grunnkrets Norheim 202 er delte mellom Bryne ungdomsskule og Vardheia ungdomsskule (Kart 6). Det er ikkje mogleg å henta ut prognosar for elevtalsutvikling får KOMPAS med denne løysinga, og elevane må teljast manuelt. Dette skapar usikkerheit i elevtalsprognosane og er ikkje ei berekraftig løysing. Ei føring i saka er derfor at kringsgrensene skal følga grunnkretsane, og dette eliminerer dagens løysing som eit alternativ.

Alternativ 4 vil vera innafor kulepunkt 1, 3 og 4 som ligg som førande i saka. I forhold til kulepunkt 2 vil enkelte elevar ha omlag 500 meter lengre skuleveg til Vardheia ungdomsskule enn Bryne ungdomsskule.

Alternativ 4, sjå vedlagt kart 7.

Elevtalsutvikling alternativ 4: Heile Norheim grunnkrets til Vardheia ungdomsskule Bryne ungdomsskule

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 13-15 år	312	326	324	318	301	293	297	291
Elevar	312	326	324	318	301	293	297	291
Kapasitet	450	450	450	450	450	450	450	450
Ledig kapasitet	● 138	● 124	● 126	● 132	● 149	● 157	● 153	● 159

Vardheia ungdomsskule

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 13-15 år	216	195	192	186	190	177	176	170
Elevar	216	195	192	186	190	177	176	170
Kapasitet	225	225	225	225	225	225	225	225
Ledig kapasitet	● 9	● 30	● 33	● 39	● 35	● 48	● 49	● 55

I vurderingane vart det òg sett på moglegheiter for at grunnkretsane Elisberget sør og Elisberget nord grunna geografisk plassering kunne høyre til Rosseland skule. Ei slik endring ville for dei fleste elevane i desse grunnkretsane medført like lang eller kortare skuleveg. Lengste avstand frå Elisberget sør og Elisberget nord til Rosseland skule er 1,4 km. Lengste avstand til Bryne skule er 1,5 km. Det er likevel valt å ikkje foreslå dette då framskrivingane viser at det ikkje vil vera kapasitet på Rosseland skule utan å nytta D- bygget i overskodelag framtid.

Bryne skule

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	366	349	361	358	361	369	375	381
Elevar	356	340	351	349	351	359	365	370
Kapasitet	490	490	490	490	490	490	490	490
Ledig kapasitet	● 134	● 150	● 139	● 141	● 139	● 131	● 125	● 120

Rosseland skule

	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032
Folkemengd 6-12 år	629	621	586	594	579	569	568	568
Elevar	612	604	570	578	563	554	553	553
Kapasitet	525	525	525	525	525	525	525	525
Kapasitet med bygg D	693	693	693	693	693	693	693	693
Ledig kapasitet hovudbygg	● (87)	● (79)	● (45)	● (53)	● (38)	● (29)	● (28)	● (28)
Ledig kapasitet med bygg D	● 81	● 89	● 123	● 115	● 130	● 139	● 140	● 140

Det er valt å ikkje gjera endringar i følgande skulekrinsar:

- Lye skule
- Lye ungdomsskule
- Undheim skule
- Frøyland skule
- Frøyland ungdomsskule

Skulebruksplanen 2024- 2032 viser at desse skulane har god kapasitet, og det er vurdert å ikkje vera nødvendig å endra i elevgrunlaget til skulane. Ei eventuell endringar i krinsane ville òg medført tilleggskostnader for skyss, grunna avstand og farleg skuleveg, f.eks. dersom grunnkrets Vestly- Lye skulle høyrte til Rosseland skulekrins.

Barns beste vurdering

Ei endring i kringsgrensene frå skuleåret 2025- 2026 vil kunne ha konsekvensar for grupper av elevar i grunnskulen i Time kommune, avhengig av kva alternativ som blir valt. Nokre av løysingane kan medføra ein ekstra overgang for grupper av elevar. Skular med grupper av elevar som dette påverkar, må gjennomføra prosessar og følga opp innhaldet i overgangsplanen saman med elevar og foreldre på ein god måte. Med alternativ 1 vil det ikkje medføra endringar for elevane i barneskulen. Med alternativ 2 og 3 vil det medføra ein ekstra overgang for grupper av elevar. Det kan på den eine sida opplevast som inngripande, samtidig vil dette gjelda heile grupper og ikkje enkeltelevar. Når heile grupper får ny nærskule, blir ein ekstra overgang i skuleløpet tillagt mindre vekt, og det blir vurdert som forsvarleg.

Med alternativ 2 der Stemmen grunnkrets høyrer til Hognestad skule, vil elevane tilhøyrande denne grunnkretsen ha rett til skuleskyss første skuleår. Ein stor del av elevar i Timeskulen, og i Norge ellers er avhengig av skuleskyss, og skyss for 1. trinn for desse elevane blir vurdert som ei forsvarleg løysing. Elevane på 2.- 7. trinn vil måtte gå eller sykle til Hognestad skule. Dette vil ikkje bli lagt særleg vekt på, då skulevegen er trygg. Med noverande skulekrinsar høyrer elevane i Stemmen til Bryne skule, ein avstand på 1,5- 2 km. Til Hognestad skule er det ein maks avstand på 3,2 km. Den lengre skulevegen er vurdert som trygg. Dette momentet blir difor ikkje tillagt stor vekt, og vurdert som forsvarleg.

Ei endring i skulekrinsane vil medføra at grupper av elevar vil få ny skule. Alle grunnskulane i Time skal gje ei opplæring og eit tilbod som er i tråd med lovar og forskrifter. Innhaldet skal vera likeverdig, og det er vurdert at elevane uavhengig av skulekrins vil ha eit godt skuletilbod. Dette blir vekta som eit mindre inngripande tiltak og vurdert som forsvarleg.

Sak om faste skulekrinsar omhandlar grupper av elevar. Elevane sin stemme vil koma til uttrykk i høyringsinnspela som kjem som del av saksgangen. Deira tankar vil bli gjort tilgjengeleg som del av høyringsinnspela frå elevråda, SU og Ungdomsrådet. For dei yngste elevane vil deira stemme koma som innspel gjennom høyringsrunden i foreldreutvala på skulane. Eleven si stemme blir teke i vare gjennom vurderingar som blir gjort i saksframlegget etter høyringa.

Det er vurdert at det vil vera til barns beste at elevar får gå på ein annan ungdomsskule enn skulekrinsane tilseier, dersom det har vore dokumenterte saker som omhandlar trygt og godt psykososialt skulemiljø jf. opplæringslova §12-4 på barneskulen. Søknader som er grunngeve i dette vil difor bli vurderte.

Overgang til faste skulekrinsar frå skuleåret 2025- 2026

Det bes, uavhengig av dei ulike alternativa til faste skulekrinsar, om innspel på følgande forslag til overgang:

1. Elevar som har fått innvilga anna skule enn nærskulen etter rettleiande kringsgrenser, og elevane på komande 7. trinn fullfører på skulen dei går på. Resten av elevane skal gå på den skulen dei soknar til.
2. Elevar på komande 9. og 10. trinn på Bryne ungdomsskule og i Vardheia ungdomsskule fullfører på skulen dei går på. Komande 8. trinn skal byrja på den skulen dei soknar til etter nye faste skulekrinsar.
3. Alle elevane uavhengig av trinn startar på den skulen dei soknar til etter nye faste skulekrinsar.